



Referat

Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit" 2020

Tidspunkt: 28. – 29. Februar 2020

Stad: Thon Skei Hotell, Jølster

Tal møtte med røystrett: 43 deltakarar

Representantar frå lokallag : Lokallag representert med stemmerett 22, utan stemmerett 1

Representantar frå styret : 5 + ordførar Geir Ole Ervik og varaordfører årsmøte
Johannes Gunvordal

Innleiarar: Pål Kjørstad, Nestleiar i NSG

Valnemd: Lars Nesse

Gjester/Andre: Anders Felde, Tom Idar Kvam, Reidar Kallestad, Johannes Nedrebø

ÅRSMØTEREFERAT

Opning ved leiar Ragnhild Sæle som ønska velkommen.

Pål Kjørstad - Nestleiar i NSG

«Tenk på heimstaden og bygda di» Pål fortalde om heimgarden på Sør-Fron, gode minner frå sæter drifta før i tida. I NSG må vi ha nokre medlemsfordeler og ei gulrot. Tenk på geita og geitehaldarane. Det er viktig å gjære ein god jobb også for geita. Tenk på at vi må ha naboar. Viktigare ha naboar på bygda enn att vi kjøper kvarandre opp. Våren og lamminga er ei fin tid, men hugse på at heile familien vert berørt i lamminga. Tenk på glede med at det spirer og gror om våren, slått om sommaren. Om hausten sanking veging, sorteing. Sorteringsrenne er ein kjempeoppfinnelse. Tenk på kåringsdagen og det sosiale rundt dette. Rovdyrkamp mot jerv, ulv og bjørn. Tenk på rekruttering, matproduksjon. Har store utfordringar i at alle rovdyra skal vernast. Matproduksjon er nedtona. Matproduksjon må løftast fram, vi må få betalt for det vi produserer . Vi må være stolte av det vi driv med.

Vidar Sandal: Du nemnte at det var viktig å ha naboen. Vi har store utfordringar i høvc gcita og geitemelkproduksjonen der kvotane kjem på ferre hender

Erling Offerdal: Vi har store utfordringar i høve klima og eit samfunn i endring. Vi er avhengige av å få nokon til å framsnakke landbruket og matproduksjon.

SAKLISTE:

- 1) Namneopprop. 43 stemmeberettiga.
- 2) Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden. Vidar Sandal, Kunne tenkt seg at ein fekk ut årsmøteinnkallinga og årsheftet noko tidlegare. Godkjent.
- 3) Velje 2 represntantar saman med møteleiaren for 2020 til å skrive under møteprotokollen.
Møteleiar: **Geir Ole Ervik**

2 til å skrive under møteprotokoll: **Eldrid Grønsberg og Rune Myklebust**
Teljekorps : Eli Folven, Tom Idar Kvam, Jon Ulvedal

Leiaren sin tale: Ragnhild Sæle las opp talen.

- Tom Idar Kvam. Syns det er kjekt at leiaren tek opp genetisk seleksjon i talen. Dette vil også koste ein del for væreringane med ekstra kostnader.
- Vidar Sandal. God oppsummering, mange gode punkt. Nemner viktigheita med å snakka fram geita og at vi tek vare på ein del av kjea. Ulven i ytre som har vore i 1,5 år. Vi syns NSG må være litt meir på å få teke ut denne ulven.
- Ragnhild sa at ein har hatt mykje kontakt inn mot departementet.
- Erling Offerdal takkar for ei god årsmelding. Saknar litt Jerven i indre strøk, er enige i at ulven burde vor teken ut.
- Eldrid Grønsberg seier det er viktig at sauen er CO2 bindar.
- Anders Haugen. Syns det er fint at ein tek opp prisløypa. At prise skal dette med 25% i løpet av 3-4 veker syns ein ikkje er rett.

4) Handsame årsmelding frå styret for 2019

Årsmeldinga vart samrøstes godkjent

Årsmelding frå avlsutvalet i Sogn og Fjordane:

Tom Idar Kvam gjekk gjennom denne. Kommentert at det er mange kåringar, nokon må ha kåringar midt i veka og ikkje berre søndagar, Utfordringar med nok dommarar.

Jakob Andre Sandal kommenterte Genomisk seleksjon. Målet med dette er at ein skal få ein sikrare indeks. Dette vil også medføre ein ekstra kostnad for ringane. Når værene vert dyrare vil fleire av bruksbuskapane brukar værene i 2 år før dei sel dei. Korleis halde oppe salet av værер for å finansiere meirkostnadene med genomisk seleksjon.

Tom Idar seier det eit godt poeng som ein må sjå meir på.

Vidar Sandal, kommenterer at no som avlsutvalet har felles møter i Sogn og Fjordane og Hordaland, så vil det bli meir lik dømning. Er også opptatt av at vi beheld kåringane.

Årsmelding frå avlsutvalet godkjent

Årsmeldinga for geitegruppa:

Jo Risløw gjekk gjennom denne.

Årsmelding for Geitegruppa vart godkjent

Årsmelding frå gjetarhundnemnda:

Odd-Jarle Øvreås gjekk gjennom denne.

Årsmeldinga godkjent

- 5) Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2019. Årets resultat – kr 9418,- Vidar Sandal, Eit greit rekneskap med tilnerma blåkopi av budsjettet. Stiller spørsmål om det er mykje søknader til aktivitet. Ragnhild: Det er ingen søknader i 2019. Har fått ein for 2020

Rekneskapen er revidert og godkjent.

6) Handsame arbeidsplan for 2020

- Styremøte etter behov
- Sende ut medlemsinformasjon
- Småfesamling 2020
- Medlemsverving
- Vidareføre Apotekavtala
- Geitehelg
- Haustsamling (Samling for lokallaga)
- Jordbrukstingingane
- Arrangere tur ?

Vidar Sandal: Korleis skal eit aktivt lokallag få opp engasjementet i bakoverlente produsentar. Etterspør aktivitetar.

Ragnhild : spelar ballen tilbake til lokallaga. Der har vore sett av 20 000,- i fleire år utan ein søknad, bort sett frå ein no.

Tom Idar: Ein grei arbeidsplan. Lokallaga må komme med forslag til aktiviteat. Viktig å halde fram med medlemsverving.

Per Ravndal, nemner landbruksmesse på Mo – Styving til hausten. Her bør vi på banen å profilere oss.

7) **Innkomne saker.** Ingen innkomne saker.

**Anders Felde Sogn og Fjordane Bondelag
Småfæringa i Vestland må sikre fornying og investeringar.**

Innovasjon Norge seier det skal være lov til å fornye driftsapparatet til sau, men skal være forsiktige med nyetableringar.

Snakka om at det er viktig at vi skal være i eit område med beitedyrnæring. Og at ein får kontroll over rovdyrbestanden og uttak av rovdyr som ikkje skal være her. Rødt kjøtt kva er det ? I følge statistikken er det både kylling og gris. Storfe får mykje pes, endå det er 160 000 færre storfe.

Sauen er ikkje eit problem men derimot eit fantastisk under som greier å gjere seg nytte av grasen i fjellet. Avgassane av desse dyra er kortvarig er med å gjødslar plantar som bind CO2.

Viktig å fortelle storryen om at drøvtyggarene våre ikkje er eit problem i klimasamanheng. Vi bli tydlegare på kanaliseringspolitikken og auke produksjonen i våre område. Det gjeld å ha trua på framtida.

Punkt framfor Jordbruksoppgjøret

- Tilskotsordningar
- Melkekvotar
- Prioritere distrikt og utmark
- Ikkje produksjonsdrivande tilskot

8 Val etter vedtektene.

Innstilling frå valnemnda til årsmøte 2020 Sogn og Fjordane Sau og Geit

Valnemnd: Lars Nesse, Lærdal, Øystein Holsen, Førde. Gunn Sande, Selje

Valnemnda sitt framlegg:

Styre

Ragnhild Sæle, Jølster, leiar

Roger Løvik, Askvoll, Nestleiar

Thomas Manseth Bjørhovde, Eid

Solgun Haugen, Lærdal

Jo Risløv, Vik i Sogn

Attval for 1 år 40/3 blank

Ny for 2 år 41/2

Ikkje på val

Ikkje på val

Attval for 2 år

Varamedlemmar

- | | |
|------------------------------|-----------------|
| 1. Jostein Flatland, Sogndal | Attval for 1 år |
| 2. Margrethe Garlid, Stryn | Attval for 1 år |
| 3. Vidar Sandal, Breim | Attval for 1 år |

Revisorar

- | | |
|------------------------|-----------------|
| Ove Årdal, Jølster | Attval for 1 år |
| Inge Erikstad, Jølster | Attval for 1 år |

Vara for revisorar

- | | |
|---------------------------|-----------------|
| Inge Årdal, Jølster | Attval for 1 år |
| Jon Helge Sandal, Jølster | Attval for 1 år |

Møteleiar 2021

- | | |
|-----------------------|-----------------|
| Geir Ole Ervik, Selje | Attval for 1 år |
|-----------------------|-----------------|

Vara for møteleiar 2021

- | | |
|-----------------------------|-----------------|
| Johannes Gunvordal, Sogndal | Attval for 1 år |
|-----------------------------|-----------------|

Utendingar til landsmøte i NSG

Ragnhild Sæle og Jo Risløv har direkte møteplass pga sentrale verv dei har.

Utendingar

- Roger Løvik, Askvoll
- Thomas Manseth Bjørhovde, Eid
- Solgun Haugen, Lærdal
- Jostein Flatland, Sogndal

Varautsendingar

- 1. Tom Idar Kvam, Luster
- 2. Gunn Sande, Selje
- 3. Jon Nummedal, Vik
- 4. Margrethe Garlid, Stryn
- 5. Vidar Sandal, Breim

Kommentar frå Vidar Sandal: Framlegg frå valnemnda kunne vore kungjort før årsmøtet slik at lokallaga kunne fått teke stilling til det før årsmøtet.

Framlegg til nye godtgjersler:

Godtgjersle til leiar	13000 kr
Godtgjersle til sekretær	7000 kr
Møtegodtgjersle pr heildagsmøte	1400 kr
Telefongodtgjersle til leiar	1000 kr
Telefon/Skypemøte	300 kr Ny
Telefongodtgjersle til sekretær	500 kr
Telefongodtgjersle styremedlem	500 kr

Køyre- og passasjergodtgjersle etter skattefri del av statens reiseregulativ

Velje medlem til valnemnda med vara
Øystein Holsen, Førde leiar
Gunn Sande, Selje
Rolf Borlaug, Oppedal

Vara til Valnemnda: Sigurd Vikesland og Ingunn Reme

9) **Handsame og vedta budsjett for 2021.**

Tom Idar: Bør plusse på den auka medlemskontigenten som vart endra i fjor
ca kr 20000,-.

Bør legge ,- kr 10 000,- til medlemsverving og kr 10000 til avlsutvalet
Budsjettet er teke til etterretning

10) **Innspel til Jordbrukstingingane 2020**

Jo Gjerløv la fram forslaget (eige vedlegg)


Johannes Nedrebø
Referent


Geir Ole Ervik
Møtekeiar


Eldrid Grønsberg
Sign


Rune Myklebust
Sign